



DIS- Sogn og Fjordane

ÅRSMELDING 2014

Årsmelding 2014: DIS-Sogn og Fjordane

Årsmeldinga gjeld for perioden frå 01.01.14 og til og med 31.12.14, med unntak av avsnittet som gjeld minneord over leiar Geir Nilsen.

Minneord:

Styret fekk ei trist og uventa melding i starten på det nye året. Leiar Geir Nilsen gjekk bort 25.januar 2015, på Haukeland sjukehus. Geir Nilsen har vore leiar i DIS Sogn og Fjordane sidan 2008, og før dette var han også styremedlem.

Ottar Solberg har skrive følgande minneord om Geir Nilsen: <http://sf.disnorge.no/minneord-etter-geir-nilsen-sin-bortgang>

Medlemstal:

Medlemstal pr. 01.01.15: 156

Fordelt etter kommune:

KOMMUNE	2013	2014
ASKVOLL	4	4
AURLAND	3	4
BALESTRAND	0	0
BREMANGER	5	5
EID	7	7
FJALER	2	2
FLORA	24	25
FØRDE	24	22
GAULAR	4	4
GLOPPEN	7	9
GULEN	0	0
HORNINDAL	3	3
HYLLESTAD	3	5
HØYANGER	6	5
JØLSTER	3	4
LEIKANGER	6	7
LUSTER	5	6
LÆRDAL	2	4
NAUSTDAL	5	4
SELJE	2	2
SOGNDAL	7	5
SOLUND	0	0
STRYN	9	9
VIK	8	6
VÅGSØY	7	5
ÅRDAL	2	2
ANDRE	7	7
SUM	155	156

Styret:

Styret har i 2014 vore:

Geir Nilsen (leiar), vald for 2014

Ståle Sørbotten (kasserar), vald for perioden 2014- 2016

Kjell Loen (styremedlem), vald for perioden 2014- 2016

Jostein Løset (styremedlem), vald for perioden 2013- 2015

Marita Brandsøy Lystad (styremedlem), vald for perioden 2013- 2015

Andre verv:

Revisor: Magne Kvalstad

Valnemnd: Bjarne Bjørkevoll, Jan Eide og Øyvind Kleiven

Kilderegkoordinator: Kjell Loen

Gravminnekoordinator: Kjell Loen

Det vart arrangert to styremøter i 2014, begge på Skei hotell. Årsmøtet vart arrangert på Førde bibliotek.

Kjelderegistrering/gravregistrering:

Arbeidet med registrert av gravminner held fram:

Tal kyrkjegardar/gravplassar/minnesmerke i fylket: 172

Ferdig registrert: 146

Ferdig fotografert og kobla mot registrering: 87

Under registrering: 14

Ikkje registrert: 12

Det er registrert minnesmerke i 15 kommunar

Tal personar i databasen: **75251**. Tilsvarende tal for 2013: **63865**.

Følgande gravplassar er lagt ut på nett (registrerte), men ikkje fotograferte:

Askvoll: Bulandet (68), Gjelsvik (649), Stongfjorden (185), Vågane (114), Værlandet (94).

Flora: Kinn (39), Nordal (281), Reksta (186), Steinhovden (149), Svanøy (127), Svardal (87).

Stryn: Olden gamle (787).

Vågsøy: Holvik (400), Kråkenes (59), Nord- Vågsøy (918), Tytingvåg (223).

Følgande gravplassar er ikkje registrerte eller fotograferte:

Bremanger: Hennøystranda, Igland og Vetvika.

Eid: Holmøyane.

Gaular: Bygstad gamle.

Gulen: Kolerakirkegård Gregusøy, kolerakirkegård Klauvneset og kolerakirkegård Myren.

Selje: Ervik og Leikanger.

Solund: Hersvik.

Stryn: Oppstryn.

I tillegg til dette er det eit stort etterslep med oppdatering av status på gravminner.

Slektsforskardagen 2014:

På Slektsforskardagen laurdag 25. oktober var der eit arrangement på biblioteket i Florø. Leiar Geir Nilsen heldt foredrag og svarte på spørsmål frå dei om lag 15 frammøtte.

Bilder frå arrangementet: <http://sf.disnorge.no/slektsforskerdagen-2014>

Grasrotandelen:

Det har vore 14 tilknytt grasrotandelen i 2014, og for året utgjer dette kr **7598,75**:

Vi vil derfor be alle våre medlemmer om å velje DIS-Sogn og Fjordane som grasrotmottakar.

Ancestry:

Lokallaget har framleis eit abonnement på Ancestry, og det er høve for alle medlemmer til å få utført søk i folktellingar i USA. Ved ønskje om å få utførst søk, kan ein sende ein e-post med informasjon om kva ein søker til følgande adresse:

soek@sf.disnorge.no

Det har vore 3-4 spørsmål om dette i 2014.

Leiar Geir Nilsen sendte i haust ut ein e-post til medlemmene med informasjon om at lokallaget vurderer å seie opp dette abonnementet, dersom etterspurnaden etter søk ikkje aukar. Abonnementet går ut i august 2015, og det må vurderast om dette skal fornyast eller avsluttast.

Kurs:

Det har ikkje vore arrangert kurs i 2014.

Lokale grupper:

Det har ikkje vore mykje faste møteaktivitetar i 2014, og ein ser at aktiviteten avheng av at nokon lokalt tek initiativ til treff. Det har vore faste treff i Florø vår og haust, men elles lite aktivitet ute i distrikta. Treffa i Florø er eit samarbeid mellom Flora Historielag og lokale medlemmer i DIS Sogn og Fjordane.

Årsmelding frå Flora, ved Øyvind Kleiven:

«Vi har hatt 10 møter i slektsgruppa på Kystmuseet, i tillegg til to planleggingsmøter. Det er et totalt oppmøtt 92 personer. Vi har hatt slekthistoriske forespørsler i og utenfor Flora kommune. Marita Brandsøy Lystad og Per Reppen har besvart desse.

Slektsforskningsdagen vart halden på biblioteket lørdag den 25 oktober 2014. Geir Nilsen fra DIS Sogn og Fjordane hadde foredrag og svarte på spørsmål fra dei omlag 15 frammøtte.»

Facebook:

DIS- Sogn og Fjordane har to registreringar på Facebook.

- a) Ei side, der dei/den som er administrator kan dele informasjon med dei som følger sida. Geir Nilsen var administrator av denne, men dette vart overført til Marita Brandsøy Lystad av Nilsens pårørnde i februar 2015. Sida har ikkje vore hyppig

oppdatert i 2014, så her er det høve til forbetring. Sida vert følgd av om lag 51 personar.

- b) Ei gruppe, kor dei som er interesserte kan melde seg inn og diskutere ulike tema. Det har heller ikkje her vore noko stor aktivitet i 2014. Sida har 79 medlemmer.

Det bør takast stilling til om ein skal ha begge desse registreringane (side og gruppe), og også korleis desse skal nyttast vidare.

Rekneskap:

Rekneskap for 2014: Eige vedlegg

Budsjett for 2015: Eige vedlegg

Florø, 28.02.15

Marita Brandsøy Lystad (styremedlem)